



Konsertartist og forfatter Robert Smith-Hald signerer og sel bok til Kurt Haugland.

Robert Smth-Hald si ølbok på forlaget Cappelen Damm sel godt. Boka er i trykken med sitt 3. opplag. Boka kan kjøpast i bokhandelen på Husnes og i Rosendal. Robert Smith-Hald har drive med brygging i heile sitt yrkesaktive liv. Kontakten med Uskedalen tok til for over 10 år sidan. Eit oppdrag for Festidalen på Vertshuset førte til ein varig venskap med Anne Berit og Magne Huglen. Etter det vart det speling på Dønhaug og kontakt med det lokale bryggjarlaget.

Under overskrift Brygge og hygge fortel forfattern om møte og samvære med Humlepungen Ølbryggjarlag. Robert har med sine kunnskapar om øl og brygging vore ein mentor for humlepungane frå å vera eit reint gardsbryggeri til å bli eit heimebryggeri. Det vert også skrive om NRK dokumentaren, som vart laga på Dønhaug, om Robert Smith-Hald. I boka finn vi om lag 20 bilete berre frå Uskedalen og Dønhaug.

Robert Smtht-Hald er konsertartist. Han har eige band med Vegard Henanger (gitar), Paul Ellingsvær (bass), Idar Rolland (trommer) i tillegg til han sjølv på gitar, munnspel og song. Generen er det han kallar amerikano - rock, pop og country. Grappa står bak to CDar på plate og ei digitalt.



[Eit av mange bilete frå brygging på Dønhaug.](#)

Robert Smith-Hald er den mest spelte artisten på Radio Signal, digital radio i Oslo, mellom anna med låten Listen. Andre kjende låtar er Innocense Said, Little River og On and on. Musikken hans vert også mykje brukt i NRK. På nyåret kjem Robert ut med ny CD.

Fiona Smith-Hald (kona til Robert) er fotografen i boka. Redaktør er Anne Berit Tuft.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Robert Smith-Hald er konsertartist med eige band. På nyåret kjem Robert ut med ny CD og nye låtar.